

KYRKJEKONTAKTEN

NR.4 — 2023 · 49. ÅRGANG · KYRKJELYDSBLAD FOR ALVERSUND / KNARVIK / LYGRA / SEIM



Symbol og tradisjonar i adventstida

Foto: Janicke G. Lyngøy

Tekst: Nina Jenny T. Monstad

På ei samling for nokre av juniorane i Knarvik kyrkje var temaet advent. Eitt av spørsmåla var: Kvifor tenner me så mange ekstra lys i adventstida?



Lyslyktene vert pynta med lilla adventspsynt.



Ofte heng me opp stjerna til første søndag i advent. Stjerna er eit symbol på Betlehemsstjerna, ei spesiell stjerne som lyste då Jesus blei fødd. Nokre vise menn frå Austen tolka stjerna som eit teikn på at ein stor konge måtte vere fødd. Stjerna leia dei vise menn til Jesus i stallen.



Lilla er fargen i adventstida, og betyr bl.a. førebuing.



Flotte stjerner! Me snakka om adventstkransen også. Kvar søndag i adventstida tenner me eitt nytt lys. Det blir lysare og lysare etter kvart som me nærmar oss jula, og feirar at Jesus, lyset i verda, vart fødd.

Kongen kjem!

Advent betyr «Herrens kome», som er det same som «Jesus kjem».

Den kristne kyrkja har markert advent heilt sidan 400-talet etter Jesu fødsel. Uttrykket «advent» kjem frå uttrykket «adventus domini». I Romarriket blei orda brukt om tida før ein viktig person skulle kome på besøk, og førebuingane og forventningane som følgde med.

I vår tid er advent dei fire vekene før jul, der me gjer oss klare til julehøgtida. Med glede og forventning ventar me på at kongen Jesus, som kalla seg «verdas lys», skal kome. Det er ein viktig grunn til at me tenner lys i adventstida.



Ingvild Skår med julekrybba ho har laga i tova ull.

Gleder i adventstida

Tekst og foto: Nina Jenny T. Monstad

Ingvild Skår har delt nokre tankar om advent, ut frå spørsmål me stilte ho.

Har du nokre gode minne om adventstida frå du var barn?

Aller best hugsar eg juleboka me laga på skulen. Kvar dag fekk me høyra litt frå juleevangeliet, heilt frå engelen Gabriel kom til Maria, til flukta til Egypt. Etter fortellinga, fekk me oppgåver. Framme i juleboka teikna me ein adventskrans, og etter kvar søndag i advent teikna me eit nytt lys i kransen. Julesongar og salmevers skreiv me også der. Eg har alltid likt å teikne, og hadde stor glede av å jobbe med juleboka. Me fekk også laga enkel julepynt, lenker og korgar. Like før jul fekk me ta alt med oss heim.

Er du opptatt av adventstida? Kan du seie noko om kvifor / kvifor ikkje?

Eg er opptatt av adventstida. Det er kjekt å lage ting til jul, og eg arbeider gjerne med ull. Eg frydar meg også når eg kan gå i skogen etter konglar og grønne kvistar, som eg kan pynte med.

Å gå på adventsgudstenester og konsertar likar eg godt, og eg les bøker om advent og julebodskapen. Eg prøver å halde litt på adventstida, og ikkje pynte så tidleg til jul.

Kan du fortelje litt meir om korleis du uttrykker deg kreativt i adventstida?

Som nemnd jobbar eg blant anna med ull. Eg har laga englar, løparar, bilde og julekrybber. På oppfordring tok eg med meg ei julekrybbe i tova ull. Ull er eit spennande materiale, og det er



Detalj frå julekrybba.

kjekt å jobbe med fargane, og lyset i bildet, for å få fram bodskapen.

Til jul tar eg fram «gamal» pynt, men eg lagar også ny julepynt. Eg gler meg over å søke nye idear, og utvikle desse.



Biskopbesøk

Torsdag 5. oktober var ein strålende dag i Knarvik kyrkje!

Björgvin bispedøme sin nye biskop, Biskop Ragnhild, var saman med tilsette i alle sokna i Nordhordland prosti. Ho blei intervjuet av Håkon Glatved-Prahl og vi blei litt betre kjend med biskopen vår. Alle sokna fortalde litt om det dei var stolte av og det er mykje godt som rører seg i Nordhordland.

Så var det gudsteneste det biskopen preika og delte ut nattverd, der både tilsette og andre deltok.

På ettermiddagen var det kyrkjemiddag med nesten full Petersplass, med store og små, og nydeleg mat. Biskopen held ord for dagen, mens ungdomar frå Meland, Lindås og Knarvik som går på felles leiartreningskurs i kyrkja deltok med praktiske oppgåver etterfølgd av mat og leiartrening. Kvelden vart avslutta med ein flott konsert av Knarvik Gospel!



Biskop Ragnhild blei intervjuet av Håkon Glatved-Prahl.
(Foto: Cathrine Grutle)

Kyrkjevalet 11. september

I Knarvik sokn var det 674 personar som stemte ved eitt eller begge vala (soknerådval og bispedømerådval). Valdeltakinga var på 12 %. Det var 7 % som stemte på papir og 5 % som nytta den digitale førehandsstemminga.

Førebels valdeltaking for heile landet er 9 %.

På kyrkjevalet.no finn ein valresultat frå både bispedømerådval og soknerådval.



Oddvar Sundsbø, Berit Dale Øgaard og Kåre Jordal er klare til å ta imot stemmesetlar på Alversund skule. Foto: Nordhordland Tekst & Foto

Knarvik sokneråd 2023-2027

Knarvik soknerådet hadde konstituerande møte 18. oktober. Første del av møtet var felles med representantar frå det avtroppande soknerådet. Dei orienterte om kva dei har jobba med i perioden som har gått.



Etter ein presentasjonsrunde, var det val og soknerådet ser no slik ut:

Hildur Løkken Lillestøl er valt til leiar i Knarvik sokneråd.

Medlemmar

Hildur Løkken Lillestøl (leiar)
Svein Arne Hatlevik (nestleiar)
Helge Haugland (repr. fellesrådet)
Monika Bøkevoll Aarland (vararepr. fellesrådet)
Arthur Fondenes Kleiveland
Birte Therese Nilsen
Håkon Glatved-Prahl
Karoline Vemøy Sundsbø
Kåre Jordal
Margrethe Myksvoll
Cathrine Grutle (geistleg repr.)

Varamedlemmar

Berge Toppe
Åge Clausen
Rune Landsvik
Lillian Berentsen
Mona Langenes
Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn
(vara for geistleg repr.)

Frå kyrkjebenken

– Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden

– Eg har vore aktiv i kyrkjelyden sidan eg flytta til Radøy i 1986. I byrjinga støtta eg opp om ungdomsarbeidet. For ca 20 år sidan dirigerte eg Hordabø barnekantori nokre år. Eg har også leia nokre kveldsstunder med kristen meditasjon. For tida er eg medliturg og steppar inn som «organist» (det vil seia pianist) dersom det er behov.

– Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden vår?

– Eg har blitt tatt godt imot som innvandrar (austlending). Her er det hyggelege folk som er lett å kome i kontakt med. Det er mykje godt som blir gjort i Radøy sokn – konfirmasjonsarbeid, trusopplæring og mykje anna. Gudsteneste med dåp og nattverd set eg veldig pris på. Kyrkja betyr mykje for mange. Det er viktig at vi støttar opp både med frivillig innsats og økonomisk om kyrkja vår. Alle kan bidra etter evne.

– Korleis vil du skildre kyrkja?

– Eg er stolt av å tilhøyra Den norske kyrkja. Den har røter heilt tilbake til 1000-talet og ber ein rik tradisjon i landet vårt. Det viktigaste for meg er Guds nærvær. Gud er opphavet til kjærleiken – ja, Gud er kjærleik. Det står i Apostelgjerningane: «I han er det vi lever og rører oss og er til». Dette er noko av kjernen i den kristne trua og mystikken.

– Kva salme syng du gjerne for tida?

– Eg har sansen for Eyvind Skeie sine salmar. Salmane hans er konkrete og djupe, både om dagleglivet, trua og håpet. Eg vil spesielt trekke fram «Jeg tror på jordens forvandling». Den fortel oss om underet som ein gong vil skje når Gud skapar ein ny himmel og ei ny jord.

– Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?

– Kaffi sjølvsagt, og noko godt til kaffien. Men viktigast er det å treffe andre i kyrkjelyden og slå av ein prat med dei.



FAKTA:

Namn: Åsmund Stray Nordberg

Alder: 63 år

Bustad: Hella (5 km nord for Manger)

Yrke: Pensjonist

**Knarvik
Blomsterstove**



Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

 **NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅ** Ditt lokale
gravferdsbyrå

ALLTID HÉR FOR
deg

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 37 14 10 - 56 99 25 70

Kyrkjevegen 1 Alversund Havnevegen 31 Frekhaug Elvavegen 1 Dalekvam

VATNE
begravelsesbyrå 

Tlf: **56 35 09 10** (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Isdalsbø
vatne-byra.no

Respekt og empati for enkeltmenneske viktig for politiet



est politidistrikt



Politistasjonssjef Kjell Idar Vangberg har jobba i politiet i snart 43 år. Han seier hans erfaringar er at dei aller fleste politi behandlar den enkelte med verdigheit.

Tekst og foto: Arthur Kleiveland

I kyrkjebladet sin serie «Etikk, takk» set vi denne gongen fokus på politiet og val dei må gjera i krevjande situasjonar. Me har snakka med politistasjonssjefen i Nordhordland, Kjell Idar Vangberg.

– Er tilsette i politiet meir bevisst på etiske dilemma i dag enn for ti år sidan?

– Ja, eg trur det er meir fokus på etiske problemstillingar i dag enn tidlegare. Samfunnet er i konstant endring, noko også politiet er. Med meir fokus på etikken i utdanninga, er ein nyttilsett i politiet meir bevisst på dette når vedkomande kjem ut i arbeidslivet, og dermed har større fokus på å ivareta enkelt-individ enn før. Når dette temaet blir følgt opp på leiarnivå i dei ulike einingane, er dette også med på å endra haldningar.

Større empati og sympati

– Politiet blir meir «overvaka» enn tidlegare. Bidreg det til å «pressa» fram ein standard for korleis ein agerer i ulike oppdrag og i møte med menneske?

– Eg trur ikkje at dette er avgjerande for at vi som politi i dag har meir respekt, viser større empati og sympati med enkeltmenneske enn tidlegare. Det er veldig individuelt korleis den enkelte behandlar menneske, seier Vangberg. Han har jobba i politiet i snart 43 år, og seier hans erfaringar er at dei aller fleste politi behandlar den enkelte med verdigheit.

Brukar dei «flinkaste» i enkelte roller

– I kva grad spelar den tilsette sin personlegdom inn i slike tilfelle?

– Vi er heldigvis forskjellige. Det hadde vore kjedeleg dersom vi alle var like. Det viktige er at vi jobbar mot at alle er klar over at vi har ein jobb der vi SKAL hjelpe innbyggjarane våre. Dette er sjølv sagt lettare – og heilt naturleg for enkelte, medan andre kanskje må minnast på kvifor vi er politi. Nokon er diplomatiske og strekker seg langt, andre løysar oppdrag på ein annan måte. Personlegdomen er difor av og til avgjerande, og det er viktig at vi som leiarar bruker dei som er ”flinkast” i enkelte roller.

– Kva rolle inntar politiet i barnevernsaker - dette er jo eit særleg følsomt tema?

– Politiet har etter lova plikt til å bistå barnevernet i enkelte saker. Men politiet skal ikkje brukast, dersom det ikkje absolutt er behov for det. Politiet skal ikkje vera noko ein truar med. Difor har vi god dialog med barnevernet i enkeltsaker, slik at vi saman ikkje gjer ”overtramp” overfor barn og deira familiar, seier Vangberg.

Enorm auke

Det har vore ein dramatisk auke for politiet i oppdrag knytt til psykiatri dei siste åra. Når politiet ikkje har kapasitet eller er godt nok rigga til desse oppgåvene, kan det då vera ein fare for politiet si handtering enkelte gonger kan bryta



- Vi er tydelege på at vi ikkje skal gjera skilnad på folk, alle skal behandlast med respekt, seier Kjell Idar Vangberg.

med dei etiske retningslinene?

- Kvar enkelt politi har jamleg slike opplevingar i sin arbeidskvardag. Dette medfører at den enkelte blir god til å løysa slike oppgåver. Eg opplever det slik at politiet i dag er blitt mykje betre rusta for slike oppdrag, og at den enkelte polititilsette behandlar kvar enkelt på ein svært god måte. Våre politifolk viser både respekt, empati og sympati. Her synest eg vi er god, seier politistasjonssjefen i Nordhordland.

- Det same gjeld i flyktningsaker der politiet er involvert, og i oppdrag knytt til vald og skarpe situasjonar, legg han til. Vangberg slår fast at politiet i Nordhordland er svært opptatt av å behandla alle på ein god måte.

- Vi er tydelege på at vi ikkje skal gjera skilnad på folk, alle skal behandlast med respekt, seier Vangberg, og understrekar at dette er eit leiaransvar.

Dødsbodskap på telefon

- *I kva grad har politiet i samband med ulukker og kriminelle handlingar, utfordringar knytt til sosiale medier, som ofte kan koma politiet i forkjøpet. Kan det då framtinga løysingar som ikkje er optimale etisk sett?*

- Endringane i samfunnet har vore store. Sosiale medier er eit godt eksempel på dette, nettaviser eit anna. Difor må politiet stadig oftare formidla dødsbodskap pr. telefon. Vi har gode rutiner på dette, slik at eg som leiar, og dei som er politikontakter tar denne samtalen, samtidig som vi gir tilbod om å komma heim til den enkelte, seier Vangberg. Han viser til at kommunen sitt psykososiale kriseteam også blir varsla, og bidreg når det er behov.

Handplukka folk

I Nordhordland er det eigne politikontakter som ivaretar pårørende-kontakten. Dette er politifolk som har god erfaring, og som er handplukka til stillinga, seier Vangberg.

- Men tenesta er slik at unge og uerfarne politi kjem opp i hendingar der uventa dødsfall har skjedd. Desse må då i første fase etter beste evne visa omsorg for familie, venner og andre som er tett på den aktuelle situasjonen, seier politistasjonssjef Kjell Idar Vangberg.

Torsvik Elektro AS er total-leverandør av elektroinstallasjoner i Alver

Vi utfører:

- Bolig og industri
- Alarm
- Billadere
- Adgangskontroll
- Tele/data-nettverk
- Automatisering
- Godkjent for kontroll av el. anlegg



Torsvik Elektro AS / Lager: Olsvollstranda
Tlf: 56 38 50 00 / www.torsvik.no / post@torsvik.no
KVALITETSBEVISST – LØSNINGSORIENTERT – SAMARBEIDSVILLIG



Alver Byggrenhold



Arbeid med ikonar tek tid. Foto: Ruben Soltvedt

Det er ikkje alt gull som glimrar

Tekst: Solveig Westermoen

Foto: Gro Fyllingsnes og Ruben Soltvedt

At Alver kommune er full av talent og kreative menneske, er noko vi som bur her er godt kjend med. Ei av dei som får verda til å glimre litt meir, er Gro Fyllingsnes frå Eikangervåg. På Galleri Gamleskulen i Eikanger sit ho med pensel og bladgull og måler seg inn i ein over 1500 år gamal tradisjon.

Gro Fyllingsnes er oppvaksen på gard i Eikangervåg i Alver kommune. No bur ho ikkje langt unna, med mannen sin Cato. Saman har dei tre vaksne barn og tre barnebarn. Gro og Cato driv Galleri Gamleskulen Eikanger. Gamleskulen vart nedlagt på 70-talet, og far til Gro fekk tilbod om å kjøpa bygningen. Historia til skulen er lang og omfattande, og bygget har vore brukt til mykje og mangt. I dag er det helst kulturformidling i form av målekurs, konsertar og teater som utspeler seg mellom veggane.

Gro kan avsløre at i tilbygget, det gamle lageret, er det no bygd ein stor steinomn, og etterkvart vil ein og kunne kome til Galleri Gamleskulen og kjøpe bakarvarer.

Men i dag vil vi snakke om kunst og kultur.

Gro vaks opp på bedehuset. Her skjønna ho tidleg at det var forskjell på folk, og i ungdomsåra vaks det fram eit sinne i henne. Det var som det gjekk eit skilje i bygda, mellom dei som gjekk på bedehuset og dei som gjekk på ungdomshuset. Og Gro var sint både på dei som ville sette henne i bedehusbåsen, og på dei på bedehuset som ville halde henne fast der. Ho opplevde bedehuskulturen som trong,

streng, full av forbod, og lite plass til sanslege inntrykk. Kristentrua vart mest ord.

Som vaksen reiste ho mykje på ferie til Middelhavsområdet. På Kreta møtte ho ein annan kultur då ho besøkte dei ortodokse kyrkjene der. Bileta, fargane, roen og stemninga gjorde noko med henne, og var tiltalende på ein heilt anna måte enn kyrkjene heime i Noreg. Ho fekk eit anna møte med det heilage, og ho kjende at det var godt. Då ho og mannen etterkvart reiste til Italia for å drive med litt slektsgransking i landet, blei ho og vår ikonane der.

Som lærar, og diakon, med bakgrunn frå husflidskole og kunsthistorie begynte Gro med målekurs for barn i Galleri Gamleskulen på 90-talet. Dette held ho enno på med. Men ho ville gjerne lære meir om ikonar, og prøve å male sjølv. Ho tok kontakt med Solrun Nes, ei av Noregs fremste ikonmålalarar, og fekk plass på eit påskekurs. Nes var tydeleg på at dette handverket ikkje er for kven som helst. Det er ein tidkrevjande prosess, med strenge rammer og reglar, og dyre materialar. Men Gro kom heim og ville måle fleire ikon.

Og fleire har det blitt. Ho har måla variantar av Jesus, Maria, englar og helgenar. Dei fleste bileta er kopier av eldre ikon. Slik er tradisjonen. Men ho har og nokre heilt eigne originalar, mellom anna ikonar av Sta. Sunniva, Vestlandets skytshelgen. Gro er fascinert av historia og segna om den irske prinsessa som sette seg i ein årelaus båt og let seg

drive med bølgene til ho skylte i land på øya Selja. På Galleri Gamleskulen ligg det allereie skisser og treplater klare til fleire Sunniva-ikonar. Nok til ei utstilling til våren, håpar Gro.

Eit spørsmål ho får frå tid til anna, er om det er nokon som vil kjøpe ikon. Og det er det. Etter ei lita oppteljing fann ho ut at ho har selt rundt 30 originalar, og mange mindre trykk. Det er mange som opplever ikon som eit verdifullt trusuttrykk. Det er ei kjelde til inspirasjon, andakt og kontemplasjon, i tillegg til estetisk tilskot i heimen.

Gro har og jobba med flyktningar og vaksenopplæring i Austrheim og i Bergen kommunar, og særleg mellom dei ukrainske flyktningane fann ho fleire som hadde eit nært forhold til ikonar gjennom den russisk-ortodokse kyrkja. Biletkunst kommuniserer på tvers av landegrensar og språk. Gjennom målekurs har Gro fått vere med å føre flyktningar, både frå Ukraina og andre land, inn i norsk språk og kultur. Samtidig har ho fått utvida sine eigne horisontar. Når ho kan få vere med å bygge ned skiljene og båsane som vi set kvarandre i, så føler ho at ho er med på eit viktig arbeid.

Og snart skal Gro setje seg ned igjen med pensel og gull og jobbe fram fleire ikonar og andre bilete som ho kan dele med resten av verda.



Sta. Sunniva, Vestlandets skytshelgen. Foto Gro Fyllingsnes



Gro Fyllingsnes. Foto: Ruben Soltvedt

OM IKON, FRÅ SNL.NO:

Ikon er gresk-ortodokse helgenbilder. I kirkene har ikonene en liturgisk funksjon og danner en helhet i form av billedveggen. I ortodokse hjem tjener ikonene til belæring, oppbyggelse og andakt for den enkelte og for familien.

VIL DU SJÅ MEIR?

Følg Gro Fyllingsnes på Instagram: @iconpaint.nordic
Eller søk opp filmen om Galleri Gamleskulen Eikanger på Nordhordland UNESCO Biosfære sin kanal på YouTube

	EL.INSTALLASJON - INGENIØRTENESTER - SERVICE
	Torvhusmyrane 6 Nordhordland Næringspark 5913 Eikangervåg
	
	Tlf: 56 34 24 30 E-post: post@helland-elektro.no www.helland-elektro.no Foretaksregisteret: NO 986 751 718 MVA
	

Bygg Team
VEST AS



Alt innan tømrarfaget!

Sorggrupper

Av diakonimedarbeidar Kari Marie Gurvin-Molvik

Denne våren har eg hatt den store gleda å vere med diakon Ruben Sæle i Meland og leie ei sorggruppe, og eg har lyst å fortelje litt om det. Kanskje høyrest det merkeleg ut å skrive det på denne måten, «å hatt den store gleda av», men det meiner eg verkeleg. Det har vore så sterkt å få lov og ta del i menneske sine dyrebare historier om levd liv og å ha mista nokon ein er glad i.

Sorg er ein naturleg og sunn reaksjon på eit tap av nokon du er glad i. Det er hardt arbeid både kjenslemessig og mentalt, og kan verkeleg tappe deg for krefter. Sorg kan ta lengre tid enn det ein sjølv og omgjevnaden forventar, og å få møte andre som er i liknande situasjon, kan vere ein stor lettelse, og ein kan kjenne at «ja, eg er visst «normal» likevel!»! All sorg er unik, og det finst ingen fasit på korleis ein skal sørge, men det er noko med det at delt glede er dobbel glede og delt sorg kan vere lettare å bere.

Kyrkja i Alver og kreftkoordinator i Alver kommune samarbeider og ynskjer å vere til hjelp med å tilby sorggruppe for menneske som opplever sorg. Tilbodet er gratis og uavhengig av livssyn og bakgrunn for dødsfall. Sorggruppe har mellom 4-8 deltakarar som møtest 8-10 gonger, der kvar samling er på 1,5t.

I gruppa kan ein setje ord på kjensler, opplevingar og tankar kring sorg og tap, og saman få hjelp til finna styrke og gå vidare med tapet. Ein kan også seie at ein vert kvarandre sin heiagieng der det er rom for både latter og gråt.

Gruppa har to faste leiarar med erfaring og/eller kompetanse innanfor sorg. Desse skal motivere til å fortelje, lytte og setje trygge rammer for samlingane. Det er likevel deltakarane sjølve som styrer mykje av samtalen, dette vert kalla ei sjølvhjelpsgruppe. Ein kjenner sjølv kva ein ynskjer å dele og kva ein vil ha for seg sjølv, me oppfordrar til å dele av

erfaringar ein har. Det er også heilt greit om ein vil la ordet gå vidare om ein kjenner behovet for å vere stille og ikkje sjølv fortelje.

Det vert sett opp eit forslag på ulike tema vi kan gå gjennom, og deltakarane avtaler vanlegvis kva ein ynskjer å snakke om neste gong.

Kanskje tenkjer ein når ein høyrer ordet sorggruppe at det er ein veldig alvorleg gjeng og at ein sit og «dyrkar sorga» og «ein grev seg ned i sorga», men det stemmer ikkje. Mange opplever at det er kort veg mellom sorg og glede. I sorggruppa kan ein både dele sorga og gråte saman, men også dele glede og le saman. Av og til kan det gjere svært godt med litt lun og gjenkjennande humor når sorgreaksjonane kan vere litt annleis enn venta.

For nokon kan einesamtale vere meir nyttig i staden for deltaking i gruppe. Då kan me sjølve tilby samtale, eller me set deg i kontakt med andre som kan gjere det.

Vil du vere med i ei sorggruppe eller ynskjer meir informasjon, ta kontakt med diakon Ruben Sæle 413 83 195, diakon Kari Marie Gurvin-Molvik 932 01 354 eller diakon Gudveig Kartveit Sundsbø 938 40 587.

Sitat frå tidlegare deltakarar:

«Forståelse for hva du går igjennom uten å måtte forklare din sorg»

«Dette har hjulpet meg mykje, godt å få snakke med andre som er i akkurat same situasjon som meg, og forstår akkurat korleis det er, og at vi har mange felles opplevingar av sorga, godt å kome saman på desse treffa, og både gråte og le saman».

«Det har vært trygt, støttende og godt å kunne dele både sorg og gleder med andre som også har opplevd tap».

«Jeg er veldig takknemlig for at jeg fikk være sammen med andre i samme situasjon. Jeg gledet meg til hver gang vi møttes».

Resultat av val til nytt bispedømeråd i Bjørgvin

Faste medlemmer:

Oddny Irene Miljeteig (Open folkekyrkje)

Turid Fjose (Nominasjonskomiteens liste)

Per Hilleren (Frimodig kyrkje)

Karl Johan Kirkebø (Open folkekyrkje)

Dag Sele (Nominasjonskomiteens liste)

Sigurd Grindheim (Bønnelista)

Live Bakke Nydal (Open folkekyrkje)

Tilsette i Den norske kyrkja:

Kjersti Gautestad

Norheim (sokneprest, Birkeland)
representant for prestane

Rita Eldholm (diakon, Åsane)
representant for leke tilsette

Biskop **Ragnhild Jepsen** har fast plass i bispedømerådet.

Varamedlemmer:

Bønnelista:

1. Solaug Anita Apelthun Sæle

2. Trygve Johannes Hellesøy

3. Torid Morsund Øygard

4. Finn Indrebø

Frimodig kyrkje:

1. Gunnar Innerdal

2. Egil Morland

3. Marthe Hauge Aase

4. Karen Sofie Uthaug

Nominasjonskomiteens liste:

1. Arne Jostein By

2. Amalie Gjengedal-Eide

3. Ingeborg Watne Flatland

4. Kristin Jordheim Bovim

5. Dag-Olav Bjørøy

Open folkekyrkje:

1. Rune Johan Skjælaaen

2. Mari Skjerdal Lysne

3. Malene Mortensen

4. Anne Vierdal

5. Håkon Glatved-Prahl

6. Vegard Flatebø Trætteberg



BISKOPENS JULEANDAKT

Ei strime av von

Av biskop Ragnhild Jepsen
Foto: Øystein Skauge

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime.

Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljøs i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørgje, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram.

Det sårbare barnet i krubba synte seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den meste løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona

er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.



KULTUR- KALENDER

25. november

Lindås kyrkje kl. 18.00

Adventskonsert med Lindås songlag

29. november

Rasteplassen, Manger, kl 18:00

“Syng advent og jul”

Songkveld saman med Radøy damekor og William Kay.

3. desember

Knarvik kyrkje kl. 13.00

SKRUK 50 ÅR. Billett: ebillett.no

Knarvik kyrkje kl. 19.00

Konsert ”JULEN I VÅRE HJERTER” med Tor, Anne-Sophie og Morten Endresen. Billett: hoopla.no

9. desember

Knarvik kyrkje kl. 18

Adventskonsert med Ole Bull kammerkor og Ingeborg Fonnes Flaten, trombone.

10. desember

Seim kyrkje kl. 17

Julekonsert m/ Seim musikklag.

Myking kyrkje kl. 18.00

Julekonsert med songkoret Albatross

Meland kyrkje kl. 17.00

Julekonsert med Sagstad skulekorps, Skala Brass, vokalkvartett og solister.

11. desember

Knarvik kyrkje kl. 18.30

JULEKLING - Julekonsert ved Åsane, Nordhordland og Manger folkehøgskoler.

12. desember

Ostereidet kyrkje.

Julekonsert med Ostereidet skulekorps

13. desember

Knarvik kyrkje kl. 18.30

Julespel m/ SingOut og SingSingeling.

15. desember

Knarvik kyrkje kl. 20.00

Julekonsert. Eikanger-Bjørsvik Musikklag. Bergen Kornettensemble.

17. desember

Knarvik kyrkje kl. 17.30 og 20.00

Julekonsert m/ Sara Helen og venner. Overskotet går til Kirkens Bymisjon. Billettpris 200,- Barn t.o.m 12 år 100,-

17. desember

Alversund kyrkje kl. 19.00

DET LYSER I STILLE GRENDER. Alversund Musikklag. Claus Sellevoll og Bjarte Aasmul.

Meland kyrkje kl. 20.00

Felix Vocalis: ”Syng jula inn”-konsert

18. desember

Lindås kyrkje.

Julekonsert med Lindås skulekorps.

19. desember

Knarvik kyrkje kl. 20.00

SYNG MED – JULESANG m/ Alversund kammerkor og gjester.

20. desember

Hjelmås kapell kl. 19.00

Syng jula inn med Te Deum.

21. desember

Knarvik kyrkje kl. 18.30

Julekonsert med Knarvik Skulekorps.

23. desember

Seim kyrkje kl. 22.00

JULENATT - Seim Songkor. Frode Skag Storheim.

5. januar

Knarvik kyrkje kl. 17.00-19.00

JULETREFEST FOR ALLE I ALVER Variert program med internasjonal vri.

7. januar

Sæbø kyrkje kl 16:00

Julefest for store og små. Julespel, servering, juletrengang.

Neste nummer kjem frå trykkeriet 6. mars 2024. Frist for å melde frå om arrangement til kulturkalenderen er 2. februar.



Glimt sidan sist



Pilegrimsvandring

I september har alle konfirmandane i Knarvik sokn vore på pilegrimsvandring på Lygra. Det har vore lærerikt, interessant og kjekt. Pilegrimsvandringa starta ute på Lyngheisenteret og alle gjekk til kyrkja, der det venta deilig kveldsmat og litt undervisning.



Speidarar

Nokre av dei eldste av Vandrarane i Alversund KFUK-KFUM-speidere deltok på hausttakkefest i Alversund kyrkje i september, og tok også Speidaren sitt kyrkjemerke.



Hausttakkefest

Tradisjonen tru var det familiegudsteneste med hausttakkefest i Knarvik kyrkje. Mange born bidrog med å bera inn markens grøde, me fekk høyra forteljinga om Marta og Maria som fekk besøk av Jesus, og Shelly hadde med seg noko spanande i sekken sin.



Gospelkonsert

Knarvik Gospel inviterte til Gospelkveld samen med Jaemie Walde 5. oktober. Det vart ein flott kveld med korsong, solosong, allsong og kvelds på kyrkjetorget.

Slekters gang

Knarvik

Døypte

20.08.23 Lilje Olivia Diabordo Røyseth
20.08.23 Elias Morken Vetås
20.08.23 Olivia Madsen Skaflestad
17.09.23 Aksel Berg
17.09.23 Aria Louise Berg
15.10.23 Noah Bongom Andersen
15.10.23 Tilde Villanger Stensletten

Døde

24.07.23 Torbjørn Nordal Marcellussen f. 1998
13.08.23 Johannes Haugland f. 1926
12.09.23 Norma Juell Nordahl-Pedersen f. 1930
17.09.23 Steinar Ingebrigtsen f. 1952

Alversund

Døypte

27.08.23 Pernille Rekdal Hellestveit
24.09.23 Dennis Emil Olsvold Tjore
24.09.23 Ellie Berentsen

Døde

31.07.23 Magnus Andreas Elvik f. 1940
03.08.23 Olav Johan Fosse f. 1923
08.08.23 Frode Hallgrim Erstad f. 1933
28.08.23 Olai Sigfred Fosse f. 1924
05.10.23 Steinar Eide f. 1961

Seim

Døypte

13.08.23 Elisabeth Suphellen
10.09.23 Edvin Hordvik Eide

Døde

07.08.23 Margun Lie f. 1947
14.08.23 Per Rune Klementsens f. 1956
02.10.23 Ingvald Bongom f. 1940

Straumsparing

Alver kyrkjelege fellestråd har gjort vedtak om tiltak for å spare straum i perioden 1. november 2023 – 27. mars 2024. Det vert unntak for julearrangement i desember.

Sokna skal, som hovudregel, berre varme opp ei kyrkje på same dag/sundag.

For Knarvik sokn sin del får dette følgjande konsekvensar:

- Gudstenestene i Alversund vert flytta til Knarvik kyrkje. Dette vert dåpsgudstenester.
- Dei fleste gudstenestene i Seim kyrkje vert flytta til Knarvik kyrkje og dette vert dåpsgudstenester kl. 13.
- Dåpsgudstenestene vert avlyste viss det ikkje er meldt dåp seinast 3 veker før gudstenesta.

Det vert også gjort andre tiltak for å samordne bruk av bygg/rom og brukstemperaturen vert sett ned til 18 grader dei fleste stader.

Frå påske vert det igjen gudstenester i alle kyrkjene.

Frivillig abonnement

Vi håper du er glad for å få Kyrkjekontakten i postkassa fire gonger i året. Bladet vert finansiert av gaver/frivillig abonnement og av annonsar.

Desse inntektene har i fleire år dekkja utgiftene til grafisk design og trykking. I 2022 gjekk bladet med eit lite underskot.

Bruk giroen eller VIPPS 517310 Kyrkjekontakten.

Takk for gåva!

Helsing Knarvik sokneråd



Mange har ikke råd til å feire jul

Forskjellene i Norge øker. Flere familier må velge mellom mat eller julegaver.

Du kan hjelpe!

Gi en julegave på **vipps 13130**

Blå Kors



TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS MELDING

SOS 22 40 00 40

SOS CHAT

KIRKENS SOS

Seimstrand as

5912 SEIM - tlf. 56 35 79 00 - fax 56 35 79 15

Nordhordland Elektro

Lindåsvegen 153, 5914 Isdalstø
Tlf.: 56 35 73 80 | post@nordhordland-elektro.no

elektrikerkjeden
norgeseliten
Den innsparte - vår garanti

DEKK Huset 4/5

Tankestrek

ved Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn

Haustrfargar, dikt og ein kopp te

I skrivande stund er det haust, og hausten gjer noko med meg. Eg syns det er ufatteleg fint med dei varme, mangfaldige og utruleg vakre fargane naturen kler seg i på hausten. Sånn rett før blada dett av trea, når stråa som dansar i haustvinden er oransje, gule og raude. Når dei første vedkubbane knitrar i omnen og når ein kopp te varmar frå innsida av kroppen.

Det er noko litt poetisk over hausten, syns eg. Kanskje det er difor eg ofte les litt meir dikt om hausten enn elles. Eg les mest dikt på Instagram. Mellom anna hjå ei som kallar seg @berrekristin

Ho skriv så varmt, ekte og fint. Kort, konkret og enkelt. Slik dikt på Instagram ofte er.

Og det treff.

Som dette diktet:

“Nokre dagar
er slike dagar
ein berre må gjennom
for å koma til
dei andre dagane.”

Ho skriv om dei tunge tinga, dei lette tinga, dei glade, dei såre, dei kvardagslege og dei litt meir spesielle tinga som skjer i livet. For det er jo litt sånn livet er. Det er vår, det er sommar, det er haust og det er vinter. Det er ikkje likt. Det kan svinga, og kanskje er det fint? Kanskje er det noko fint i alle ting, i alle årstider og i det meste som skjer? Ikkje i alt. Noko er berre vondt. Men det kjem alltid ein ny vår. Det finst alltid håp.

Eg er takksam for ein god kopp te når regnet slår på vindauga ein mørk kveld. Eg er takksam for dei fine haustfargane me kan varma oss på no når vinteren kryp nærare. Og eg er takksam for gode dikt, som seier noko om livet. Slik som dette:

“Ja
det er mange folk her
men er eg likevel glad
for å sjå akkurat deg.”



Cathrine Grutle
Sokneprest
cg836@kirken.no



Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn
Spesialprest
td663@kyrkja.no



Odd Leif Mjøs
Kantor
om623@kyrkja.no



Nina Jenny Tresvik Monstad
Kateket
nm853@kyrkja.no



Helge Taranrød
Prost
ht759@kirken.no



Magne Bjørndal
Seniorprest
mb578@kyrkja.no



Eirun Bjøteit Fonneland
Kyrkjelydspedagog
ef882@kyrkja.no



John Fredrik Wallace
Kyrkjevevjerje
jw734@kyrkja.no



Synnøve Bjørndal
Dagleg leiar
sb876@kyrkja.no



Bjørn Furukawa
Kyrkjetenar
bf982@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjekontakten:
Knrarvik kyrkjekontor

Lonsvegen 100, 5914 Isdalstø

Opningstid:
Tysdag-fredag kl. 9.00-15.00

Tlf.: 400 01 691

alle kvardagar kl. 10.00-14.00.

Postboks 228, 5903 Isdalstø
post.knarvik@kyrkja.no

www.kyrkja.no/knarvik

Facebookside: Knarvik kyrkje

Kontonummer: 3633 67 39882
Vipps: 517310

Hugs å merka kva betalinga gjeld.

Alver kyrkjelege fellestråd

Lonsvegen 1, 5914 Isdalstø

post.alver@kyrkja.no
www.kyrkja.no/alver

Kyrkjevevjerje: John Fredrik Wallace
jw734@kyrkja.no

Leiar i fellestrådet:

Soknerådsleiar:
Hildur Løkken Lillestøl

Kyrkjekontakten

Utgjevar: Knarvik sokn, i samarbeid med Meland sokn, Osterfjorden sokn, Mo sokn, Radøy sokn og Lindås sokn.

Redaktør: Øystein Skauge
Lokal redaksjon: Staben på kyrkjekontoret/Synnøve Bjørndal

Grafisk design: Simen Søvik
Trykk: Aksell

Framsidedeilete: Julekrybba laga i tova ull av Ingvild Skår. Foto: Nina Jenny T. Monstad



GUDSTENESTE- KALENDER

Knarvik

26. november

Siste søndag i kyrkjeåret
Kl. 19 Kveldsgudsteneste
v/ Tone Marit Øvretveit
Dyrkolbotn. Nattverd.
Knarvik Gospel.

3. desember

1. søndag i adventstida
Kl. 11 v/ Cathrine Grutle. Dåp/
nattverd.

10. desember

2. søndag i adventstida
Kl. 11 v/ Magne Bjørndal.
Nattverd.

24. desember

Julaftan
Kl. 14:30 v/ Cathrine Grutle.

25. desember

Juledag
Kl. 12 Høgtidsgudsteneste
v/ Helge Taranrød. Dåp/
nattverd.

31. desember

Nyårsaftan
Kl. 16 v/ Magne Bjørndal.
Nattverd.

7. januar 2024

Kr. openberringsdag
Kl. 11 Dåp/nattverd.

14. januar

2. s. i openberringstida
Kl. 11 Nattverd.

21. januar

3. s. i openberringstida
Kl. 11 Familiegudsteneste.
Dåp.

28. januar

Såmannssøndag
Kl. 19 Kveldsgudsteneste.
Bønevandring og nattverd.

4. februar

Kristi forklaringsdag
Kl. 11 Dåp/nattverd.

11. februar

Fastelavnssøndag
Kl. 11 Nattverd.

18. februar

1. s. i fastetida
Kl. 11 Familiegudsteneste –
Tårnagentar. Dåp/nattverd.

25. februar

2. s. i fastetida
Kl. 11 Dåpsgudsteneste
Kl. 19 Kveldsgudsteneste.
Bønevandring og nattverd.

3. mars

3. s. i fastetida
Kl. 11 Dåp/nattverd.

10. mars

4. s. i fastetida
Kl. 11 Nattverd.

17. mars

Maria bodskapsdag
Kl. 11 Dåp/nattverd.

Seim

10. desember

2. søndag i adventstida
Kl. 11 Familiegudsteneste
v/ Cathrine Grutle. Dåp.
4-årsbok.

17. desember

3. søndag i adventstida
Vestre Vassbygd Grendahus
kl. 11 v/ Helge Taranrød.

24. desember

Julaftan
Kl. 16 v/ Magne Bjørndal.

Lygra

3. desember

1. søndag i adventstida
Kl. 19 v/ Tone Marit Øvretveit
Dyrkolbotn. Lysmesse.

24. desember

Julaftan
Kl. 14 v/ Magne Bjørndal.

Alversund

24. desember

Julaftan
Kl. 14:30 og kl. 16 v/ Tone
Marit Øvretveit Dyrkolbotn.

KVARDAGS- GUDSTENESTER i Alversund kyrkjelydshus:

Måndagar kl. 14.
Kyrkjekaffi.
Tur – «Kyrkjegang»
kl. 12:30.

- 11. desember
v/ Rune Minde
- 8. januar
- 12. februar
- 11. mars

SØNDAG ER GUDSTENESTEDAG!

Velkomen til kyrkja di, eller til kyrkja der du måtte
vere når det er søndag.

